



--

Arkiv saknr:	2012/2318
Løpenr.:	9134/2013
Arkivkode:	k01

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet	19.06.2013	13/66

Sakshandsamar: Jan Myrekrok

Høring motorferdsselforsøket

Vedlegg:

1 Høring motorferdsselforsøket

Dokument i saka:

Motorferdselsplanen.

Bakgrunn:

Etter forsøksordninga i første halvdel av 2000-talet, har prøvekommunane drive vidare på dispensasjon frå forsøkslovgjevinga i påvente av ei endeleg avklaring gjennom ei revidert motorferdselslov. I staden for ny lovgjeving, ønskjer Miljøverndepartementet (MD) ei ny utvida forsøksordning, der Vinje er invitert til å søke. Sjå elles vedlagde høyringsbrev datert 30. Mai 2013.

Vurdering:

Kommunane har ein snau månad til å kome med innspel til endringane i forskrifta. Høyringsbrevet har ikkje kome til kommunen via post, men er henta på MD si heimeside. Den einskilde får gjere seg opp si eiga meining om MD eigentleg ønskjer gjennomarbeidde innspel til høyringa med slik sakshandsaming.

Ein får merke seg at dei gamle prøvekommunane også må søke om deltaking, med frist 1. September. Vidare at den gamle forsøksordninga er historie 1. Mai 2014.

Punkt 3 om næringskøyring er stutt, og høyringsinstansane er særleg bedne om å uttale seg til dette. Etablering av safariløyper er prøvd i vår kommune, og sakshandsamar har ikkje merknad til dette. Det som må på plass i ei forskriftsendring, er adgangen til at kommunane kan gje løyve til næringskøyring som ikkje handlar om safari eller transport, men til dei som må transportere seg sjølv i eiga næring. Døme på slike er verksemdar som har serviceoppdrag eller vedlikehald på hytter som ikkje er heimla gjennom byggjeløyve. I Vinje

er dette løyst ved at desse får dispensasjon, men dette bør permanent inn som eigen kategori av nyttekøyning.

Rådmannens framlegg til vedtak:

- | |
|---|
| <ol style="list-style-type: none">1. Vinje kommune søker om deltaking i den nye forsøksordninga.2. Omgrepet næringskøyning skal omfatte eigentransport for næringsdrivande.3. Vinje kommune har elles ikkje merknader til forskriftsendringa. |
|---|

Rådmannen, 06.06.13

Hans Kristian Lehmann, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 19.06.2013:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

- | |
|---|
| <ol style="list-style-type: none">4. Vinje kommune søker om deltaking i den nye forsøksordninga.5. Omgrepet næringskøyning skal omfatte eigentransport for næringsdrivande.6. Vinje kommune har elles ikkje merknader til forskriftsendringa. |
|---|